



## Notat

Dato: 19.04.2017  
Arkivsak: 2014/12636-9  
Saksbehandlar: karoen\_

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Tiltak mot ufrivillig deltid

#### Innleiing

Det vert i denne meldingssaka gitt ei orientering om status i arbeidet med heiltidskultur i Hordaland fylkeskommune. I den samanheng ser vi nærare på tiltak som er sett i verk og aktuelle tiltak framover.

Etter at administrasjonsutvalet i møte 05.09.16 fekk presentert resultatet av kartlegginga av ufrivillig deltid i HFK vart det sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå arbeidsgivar og arbeidstakersida. Mandatet for arbeidsgruppa var å evaluere tiltak som er sett i gang og utarbeide lokale retningslinjer for arbeidet med heiltidskultur i HFK. Det er óg gjort nærmare analyser av ufrivillig deltid med utgangspunkt i nyare talmateriale.

#### Heiltidskultur

HFK har ei målsetting om å utvikle ein heiltidskultur. Dette inneber at HFK først og fremst skal få ned talet på ufrivillig deltid og på sikt få bort ufrivillig deltid. For å klare dette må HFK sette seg delmål, jobbe langsiktig og få til ein kontinuerleg prosess på området.

Det er ikkje noko mål for HFK at alle som i dag jobbar deltid skal få heil stilling. Nyare forskning nasjonalt (Arbeidsforskningsinstituttet) viser at åtte av ti som jobbar deltid har vald dette sjølv og at den viktigaste årsaka til deira val er eiga helse og tid til familien. Det HFK først og fremst må ha fokus på framover er å legge til rette for at dei som går i ufrivillig deltid skal få auka opp stillingsprosenten sin.

#### Statistikk

Før vi går inn på tiltak ser vi litt på relevant statistikk over deltid/ufrivillig deltid i HFK.

#### Faktisk utvikling i deltid perioden 2012-2016

	2012	2013	2014*	2015*	2016*
<b>Totalt</b>	<b>1884</b>	<b>1698</b>	<b>1410</b>	<b>1342</b>	<b>1136 #</b>
<b>Kvinner</b>	1333	1180	985	948	813
<b>Menn</b>	551	518	425	394	323

\*) Kun fast tilsette

#) Av dei som arbeidde i fast deltidsstilling per 31.12.16 har ca 600 personer arbeidd i deltid i fem år eller mer i HFK.

**Fordeling av stillingsprosent pr. nov. 2016:**

Stillingsprosent	Tal tilsette	Årsverk
90-100	111	102,3
80-90	292	239,2
70-80	134	97,4
60-70	178	110
50-60	194	106
>50	263	80
<b>TOTAL</b>	<b>1172#</b>	<b>735</b>

# Talet avvik noko frå talet i første tabell. Ei forklaring er ulikt tidspunkt for uttak av data (2 mnd avvik)

**«Betinga» ufrivillig deltid**

Det er mykje som tyder på at vi har ein del «betinga» ufrivillig deltid i HFK. Det kan vere deltidstilsette i tannhelsetenesta som ventar på ledig heiltidsstilling ved ønska klinikk, det kan vere ulik forståing av begrepet «ufrivillig deltid» f.eks. knytt til eiga helse (delvis uføretrygd), det kan vere liten reell vilje til å fylle opp deltidsstilling med anna arbeid/arbeid ved andre einingar. Vidare har vi tradisjonelt ein del «smale» fag/fagkombinasjoner (i vidaregåande skole) som vanskeleggjer heiltidsstilling. Og jo mindre skolane er jo vanskelegare er det å fylle opp til heil stilling.

**Ufrivillig deltid - stipulert**

Dei to tabellane viser deltid totalt i HFK. Det som er like interessant er tal over ufrivillig deltid. Av de 461 som svarta på undersøkinga i 2016 har 37 % svarta at dei ønsker seg ein større stillingsprosent. Dette utgjør ca 170 tilsette. Hvis undersøkinga er representativ og justert for «betinga» ufrivillig deltid kan vi med forsiktighet stipulere at om lag 300 tilsette går i ufrivillig deltid i HFK. Vi veit ikkje kven desse er, men vi veit at 28 % av dei har arbeidd deltid 6 år eller meir og at hovuddelen arbeider i skolen (lærarar, miljøarbeidararar og reinhaldarar).

**Evaluering av tiltak**

Arbeidsgruppa har evaluert tiltak som tidlegare er sett i gong og då særskild prøveordninga med intern utlysing av stillingar innan områda kontorpersonell, reinhaldarar, miljøarbeidarar og lærarar. Ordninga med intern utlysing av dei definerte stillingsgruppene vart sett i verk i 2016 som ei prøveordning etter same modell som i tannhelsetenesta i HFK.

Prøveordninga for dei nemnde gruppene har berre delvis fungert. Dette skuldast fleire faktorar. For det første må det etablerast eit betre system for kor ein kan finna informasjon om utlyste stillingar (at du i dag må via Personalportalen er for tunggrodd). For det andre har det ikkje vore nok fokus på ei konsekvent gjennomføring av tiltaket. For det tredje har siste års arbeid med overtalige i skolen gjort det vanskeleg å få til ei ordning med intern utlysing av undervisningsstillingar.

**Kva tiltak er gjennomført/sett i verk**

(1) Det er gjennomført ei spørreundersøking blant alle deltidstilsette i 2016 (skjema gjekk ut til 1007 tilsette og svarprosenten var 46 %, 37 % av desse ønsker større stillingsprosent). Hvis resultatet er representativt tilsier dette at omlag 300 deltidstilsette i **fast** stilling arbeider ufrivillig deltid.

Størst del ufrivillig deltid finn vi blant:

Lærarar (ca 150 tilsette)

Miljøarbeidarar (ca 55 tilsette)

Reinhaldarar (ca 35 tilsette)

Ein tek sikte på ny kartlegging av ufrivillig deltid våren 2018.

(2) Det er gjort ei analyse av utbetaling av overtid/variable timar blant tilsette jfr aml § 14-4a (rett til stilling tilsvarande faktisk arbeidstid).

- Vi er berre kjent med eit tilfelle der det er sett fram krav lokalt/sentralt om auka stillingsprosent begrunna i denne regelen.
- Det er eit relativt lite omfang av utbetalt overtid/variable timar blant deltidstilsette i fast stilling. Dei tilfella med overtid/variable timar av noko omfang vert begrunna med spesielle tilhøve som ikkje er av varig karakter.

(3) Det er gjort ein gjennomgang av alle deltidstilsette i fylkesadministrasjonen – her er ikkje registrert tilsette i ufrivillig deltid. Dei som går deltid har anten gradert AFP, er delvis ufør, har omsorgsfunksjon, har deler av stillinga frikjøpt til tillitsvaldarbeid eller har sjølv valt deltid.

(4) Det er lagt inn spørsmål om stillingsprosent som fast punkt i revidert skjema for medarbeidersamtalen. Hensikten er å gi næraste leiar informasjon om den tilsette går i ufrivillig deltid.

(5) Det er utarbeidd lokale retningslinjer for heiltidskultur. Desse retningslinjene ser på sider ved regelverket som kan medverke til at HFK kjem nærare målsettinga om ein heiltidskultur. Retningslinjene tek føre seg føreretten for deltidstilsette, meirarbeid og utlysing av stillingar. Målsettinga med retningslinjene er å få større fokus på faktorar som kan bidra til å redusere deltid generelt og ufrivillig deltid spesielt. Retningslinjene følgjer i eiga saka.

#### **Aktuelle tiltak framover**

(1) Styrke arbeidet med intern utlysing av stillingar ved å etablere ein eigen «stillingsbørs».

(2) Fokus på auka bruk av heiltidsstillingar i reinhaldstenesta, i tillegg til å legge til rette for høve til å ta fagbrev.

(3) Auka fokus på temaet gjennom ulike aktivitetar og informasjonstiltak t.d.

- Tema på leiarsamlingar, rektorsamlingar
- Artiklar i Leiarnytt
- Artiklar på intranett

(4) Undersøke konkret kven som jobbar ufrivillig deltid blant fast tilsette som har arbeidd i deltidsstilling i fem år eller meir (ca 600 personar).

(5) Fleksibilitet i arbeidsstad og oppgåver. Ha fortsatt fokus på kombistillingar og det å jobbe på tvers i eininga/organisasjonen.